



Erlend Moen og FAU har kritiske merknader til skuleruteutkastet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiar Erlend Moen i FAU ved Uskedalen Oppvekstsenter har kome med ein merknad til utkastet til skulerute for 2008/2009. Han viser til at det har kome nokre reaksjonar på at skulestarten er sett til 14. august.

FAU i Uskedalen meiner at det ville vera meir naturleg å starta opp måndag 18. august i staden, slik at ein startar med ei heil veke i staden for å gå berre to dagar før det er helg att.

Ellers vonar FAU at opplegget med "fleksible" planleggjingsdagar ikkje blir gjenteke for neste skuleår. For dei av foreldra som har born på fleire skular og barnehagar skaper dette eit stort problem når planleggjingsdagane kjem på forskjellig tidspunkt på kvar skule, meiner FAU i Uskedalen.